

AVTALE OM OVERDRAGING AV EIGEDOMAR BRUKT TIL KYRKJELEGE FORMÅL

FRÅ MELAND KOMMUNE

TIL MELAND SOKN

1. Avtalepartar

Denne avtalen vert inngått mellom Meland kommune org nr. 951549770 og Meland sokn org. nr 976 995 406, i det følgjande omtalt som partane.

2. Bakgrunnen for avtalen

Kyrkjelova av 7. juni 1996 nr. 31 slår fast hovudregelen om at soknet eig kyrkjer og kyrkjegardar. Det følgjer av § 17 i lova kva som vert rekna som kyrkjer.

Partane har gjennomgått eigedomar i kommunen som vert brukt til kyrkjelege formål, og har ut i frå denne gjennomgangen kome fram til kva bygg og grunnareal grunnboksheimelen skal overførast frå kommunen til soknet og kva vilkår som vert knytt til heimelsoverføringane.

3. Eigedomar som vert omfatta av avtalen.

Følgjande eigedomar vert overdregne utan vederlag frå Meland kommune til Meland sokn:

Anlegg	Bruk	Gnr	Bnr
Meland kyrkjegard	Nedre gravplass (felt E, F, G, H)	16	18
Meland kyrkjegard	Øvre gravplass (felt A, B, J, K) Kyrkjestova	17	4
Meland kyrkje	Parkeringsplass v. tilbygg og veg	17	11
Meland kyrkje og kyrkjegard	Parkeringsplass, veg, del av gravfelt (A)	16	35
Meland kyrkje og kyrkjegard	Parkeringsplassar, park, veg, driftsbygg og øvre gravfelt (L, M, N, O, P, R1, R2, S1, S2, S3)	17	18
Meland kyrkjegard	Avsett til kyrkjegard (gml hytte)	17	16
Meland kyrkjegard	Avsett til kyrkjegard	17	19
Eikeland kyrkjegard	Historisk kyrkjegard	42	11

OSU 7/10-19

Meland kommune vil slå saman fleire av bruksnummera før heimelovergangen

I tilfelle av motstrid mellom ordlyden i avtalen og omforeinte eigedomsgrenser innteikna på kart, går kartet framfor avtaleteksten.

4. Utbygging

Eigedomane som vert omfatta av avtalen, kan berre utbyggast til kyrkjelege formål (inkludert gravplass jf Gravferdslova § 1).

5. Bruksrett

Bruken av kyrkjer er regulert av «Regler for bruk av kirken», fastsett av Kyrkjemøtet 14.april 2015. Sokna pliktar elles, så langt det ikkje kjem i konflikt med soknet sine egne aktiviteter og ikkje verkar støyande, å la lokale ideelle lag, foreiningar og liknande nytte soknet sine lokale til si verksemd. Det kan ikkje krevjast vederlag for slik bruk ut over det som er nødvendig for å dekke kostnadane bruken fører med seg (jf § 7-11 i nemnte regelverk).

6. Godkjenning av avtalen

Avtalen er gjensidig bindande for begge parter når han er godkjent av Meland sokneråd og Meland kommunestyre. Ingen part kan gjere krav mot den andre på grunnlag av avtalen før slik godkjenning har funne stad.

7. Gjennomføring av avtalen

Etter at avtalen er godkjent som skildra i punkt 6, skal kommunen innan rimeleg tid sørge for overføring av heimel til eigedomar og rettar som nemnt i punkt 3.

8. Tinglysing

Denne avtalen skal tinglysast på den enkelte eigedom som vert omfatta av avtalen.

9. Gebyr

Tinglysningsgebyr og eventuelle andre utgifter i samband med heimeloverdraginga vert betalt av Meland kommune.

10. Tvisteløysing

Kvar av partene har rett til å bringa tvistar i tilknytning til gjennomføring av avtalen inn for dei ordinære domstolane for avgjerd.

Frekhaug,

.....
Meland kommune

.....
Meland sokn



ASU 7/10-19